



Type møte: Etne kyrkjelege fellesråd	Oppmøte: Møterom Etne kyrkjekontor
Dato: Tirsdag 01.oktober 2024 kl.18.00	

Frammøtte:

Gerd Ingunn Opdal	Leiar
Reidar Leknes	nestleiar
Ole Vidar Melkeraaen	repr. Skånevik
Kjell Ingvald Matre	repr. Etne
Kenneth Karslen	Kommunelrepresentant
Kari Vik Stuhau	Geistleg representant

Sakliste:

Sak 34/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 35/24	Oppfølging av referat frå sist møte
Sak 36/24	Budsjett 2025
Sak 37/24	Søknad om tilskot via kyrkjebevaringsprogrammet
Sak 38/24	Orienteringssaker

Opning Reidar**SAKER:**

- Sak 34/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**
Vedtak
Innkallinga og saklista vert godkjend med 4 ekstra orienteringssaker.
- Sak 35/24 Oppfølging av referat frå 3.sept**
- Sak 36/24 Budsjettframlegg 2025**
Sjå vedlagt budsjettforslag
I førebels nøkternt budsjett ser det ut til at me har behov for 4,7 mill i kommunalt driftstilskot. I år har me 3,8 mill i komm. driftstilskot.
Hovudkostnaden er personal, med lønstillegg og auka KLP-kostnad, i tillegg kjem stor auke i forsikringspremie.

Kommunal budsjettprosess:



17.sept. var det kommunal budsjettkonferansen. 15.okt. er første gangs behandling i formannsskapet, 20.nov. er andre gangs behandling i formannsskapet, 10.des. er det budsjettmøte i kommunestyret. Budsjettet er på høyring mellom kvar av desse ledda.

Vedtak

Fellelsrådet sluttar seg til første utkast til budsjettframlegg. Budsjettet blir sendt til Etne Kommune, ordførar, kommunedirektør, formannskapsmedlemmer og gruppeleiarar. Kyrkjeverje og fellelsrådsleiar tek nærare skriftleg kontakt med Etne kommune i budsjettprosessen.

Sak 37/24 Søknad kyrkjebevaringsfondet

Regjeringa har lagt fram ein bevaringsstrategi for kyrkjene, med eit eige fond for å ta vare på kyrkjene for framtida.

Hovedmålet for strategien er:

De kulturhistorisk verdifulle kirkebyggene bevares og tas i bruk av menighetene, lokalsamfunnene og fellesskapet på en bærekraftig måte. Kirkebyggene med deres interiør og omgivelser verdsettes som kilder til tro og kunnskap, og er grunnlag for opplevelse, engasjement og innsikt i Norges kulturhistorie.

Ein kan få tilskot til forprosjekt og hovudprosjekt på ei kulturhistorisk verdifull kyrkje der eksteriør og/eller interiør skal setjast i stand, sikrast og/eller konserverast.

Gjennomføring og godkjenning av forprosjekt er ein føresetnad for tilskot til hovudprosjekt.

Kostnad for godkjente forprosjekt vert dekkja heilt av tilskotsordninga.

Kostnad for hovudprosjekt skal delast mellom stat og kommune.

Søknadsfrist er 1.nov.

Vedtak

Fellelsrådet søker om tilskot gjennom kyrkjebevaringsfondet til desse tiltaka:

- a. Tilstandsrapport Grindheim kyrkje
- b. Forprosjekt Stødle kyrkje
 - Rehabilitering/kalking steindel, inne og ute
 - Vurdering av tak over skip på nordsida.
- c. Forprosjekt blyglasvindauger i Skånevik

I neste omgang/søknadsrunde vil me søkja om tilskot til gjennomføring av hovudprosjekta.

Sak 38/24 Orienteringssaker

a. Referat frå sokneråda

I. Etne sokneråd 24.9



II. Fellesmøte 10.09

b. Tilbod service brannsløkkeutstyr

Me har fått tilbod frå NOHA, som hadde kontroll i fjor, og Presto (Alf Lea) som me hadde for nokre år sidan.

Kostnaden for kontroll på alle kyrkjene er frå 13 000-16 000.

Det er vanskeleg å samanlikna tilboda, då dei oppgir prisane på ulike måtar, men det ser ut til at Presto kjem best ut i pris.

c. Forsikring Etne kyrkjelege fellesråd

I. Fritids og ulykkesforsikring. Dette er ikkje pålagd. Den kostar om lag kr.1000 i året samla for 10 FR-tilsette. Mange stader der dei har dette vert dette trekt frå løna, ein liten sum kvar månad. Det er naturleg at fellesrådet også går for ei slik ordning.

II. Innboforsikring Stødle bårehus auka verdi til 600.000 pga flaskebank til slokkeanlegg.

III. Ventar på pris på kor mykje me kan spara ved å gjennomføra termografering på alle kyrkjene.

d. Gratis kurs for kyrkjevevjer i Oslo 24.-25.okt. Praktisk retta kurs i å laga søknadar om tilskot frå bevaringsprogrammet.

e. Bispedømerådet hadde møte 30.sept. og godkjende forslaget til nytt utleigereglement. Det vil også sei at det er godkjent å ta betaling for bruk av dei gamle kyrkjene i Etne.

f. Ny prost: I bispedømerådet 30.sept. vart Arild Steinsland tilsett som ny prost i Sunnhordland prosti.

g. Prosten informerer om at planen er å lysa ut 50% soknepreststilling i Skånevik i kombinasjon med 50% prostipreststilling i Sunnhordland. Fellesrådet ber om at stillinga blir utlyst med kontorstad i Etne.

h. Etne Betong har sagt seg villig til å ta imot gravsteinar for sanering kostnadsfritt.

Kyrkjekontoret i Etne, den 01.10.2024

Gerd Ingunn Opdal

Leiar

Aud Jorunn Baustad

Kyrkjevevjer